

[[[[Innst. O. nr. 1]

[(1998-99)]

[Innstilling frå justiskomiteen om lov om endring i straffelova m.m. (gjennomføring og samtykke til ratifikasjon av OECD-konvensjonen 21. november 1997 om motarbeiding av bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn i internasjonale forretningshøve.)

[Ot.prp. nr. 66 (1997-98).]]

[[Til Odelstinget.]

[[1. SAMANDRAG]

[[1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen]

[I proposisjonen vert det bede om Stortinget sitt samtykke til å ratifisere OECD-konvensjonen av 21. november 1997 om motarbeiding av bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn i internasjonale forretningshøve. Samstundes gjer ein framlegg om nødvendige endringar i straffelova for å gjennomføre konvensjonen i norsk rett.]]

[[1.2 Bakgrunnen for lovframlegget. Gjeldande rett]

[Hovudformålet med OECD-konvensjonen er at partane skal forplikte seg til å setje straff for bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn.]

[Også innan Europarådet vert det for tida arbeid særst aktivt med sikte på tiltak mot korrupsjon, og ein arbeider med å utforme ein generell strafferettsleg konvensjon mot korrupsjon.]

[Etter straffelova § 128 fyrste ledd er det straffbart å true eller å gje føremoner til ein offentlig tenestemann for å freiste og påverke tenestehandlinga hans. Føresegna rammar i utgangspunktet berre handlingar retta mot norske tenestemenn, men det er opna for at Kongen kan fastsetje at regelen òg skal gjelde for brot «mod andet Lands offentlige myndighed», men berre «i Tilfælde af Gjensidighet», jf. § 127. Etter konvensjonen gjeld det eit generelt forbod mot bestikking. Heimelen i § 127 er difor ikkje fullgod til å gjennomføre OECD-konvensjonen i norsk rett. Tenestemenn i mellomstatlege organisasjonar fell òg utanfor området til § 128.]

[Å ta imot stikkpengar eller andre former for føremoner kan òg vere utroskap etter straffelova §§ 275-276. Desse reglane gjeld sjølv om mottakaren er ein utanlandsk offentlig tenestemann, men har eit meir

avgrensa verkeområde enn § 128. Etter straffelova § 12 gjeld ikkje § 275 dersom bestikkinga er gjort av ein utlending i utlandet.]]

[[1.3 Nærare om OECD-konvensjonen]

[Konvensjonen femner berre om den som bestikk ein utanlandsk offentlig tenestemann (aktiv korrupsjon), ikkje dei som tek imot bestikking (passiv korrupsjon). Personar som er skuldige i bestikking av ein utanlandsk offentlig tenestemann, skal kunne straffast med «proporsjonale og avskrekkande» reaksjonar, sjå artikkel 3. Etter artikkel 2 skal jamvel føretak kunne gjerast ansvarlege.]

[Hovudregelen etter artikkel 4 er at ein part har jurisdiksjon når korrupsjonshandlinga har skjedd på statens eige territorium. Artikkel 5 seier at dei nasjonale reglane og prinsippa om etterforsking og påtale skal gjelde, men set visse grenser for kva for omsyn det kan leggjast vekt på i vurderinga av om påtale skal reist.]

[Etter artikkel 6 skal ikkje nasjonale fristar for forelding vere for korte til at påtalemakta kan etterforske og påtale lovbrota, og etter artikkel 7 skal det vere straffbart å kvitvaske pengane som vert ytt ved bestikking.]

[Partane vert pålagde å yte gjensidig rettshjelp. Teieplikta til bankane skal ikkje vere til hinder for å gi informasjon i kriminelle høve.]

[Bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn skal vere eit lovbrod som opnar opp for utlevering i samsvar med nasjonalt lovverk og eksisterande utleveringsavtaler. Dersom ein stat ikkje utleverer sine eigne statsborgarar, har den etter konvensjonen ei plikt til sjølv å vurdere straffeforfølgning.]

[Departementet går inn for at Noreg bør ratifisere OECD-konvensjonen så snart råd er, og viser mellom anna til at det er vesentleg at kampen mot korrupsjon

sker gjennom eit internasjonalt samarbeid. Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om dette, går alle inn for at Noreg skal ratifisere konvensjonen. OECD-konvensjonen trer i kraft 31. desember 1998 dersom tilstrekkeleg mange partar har ratifisert den.]]

[[1.4 Gjennomføring av nødvendige lovendringar]

[Departementet foreslår at det vert uttrykkeleg sagt i eit nytt andre ledd i § 128 at utanlandske offentlege tenestemenn og tenestemenn i mellomstatlege organisasjonar skal reknast som offentlege tenestemenn. Ingen av høyringsinstansane har merknader til ei slik løysing.]

[Løysinga fører til at òg truslar overfor utanlandske offentlege tenestemenn vert straffbare, noko som er utanfor det konvensjonen krev at ein skal kriminalisere. Utifrå lovtekniske omsyn har ein likevel funne det mest føremålstenleg å gjere det på denne måten. Departementet tek sikte på å gjere ein breiare gjennomgang av norske straffereglar som kan nyttast mot korrupsjon når den planlagde konvensjonen innan Europarådet ligg føre.]

[I konvensjonen vert omgrepet «urettkomen økonomisk eller ikkje-økonomisk føremon» nytta, sjå artikkel 1 nr. 1. Ein føremon er urettkomen utan omsyn til kva han er verd og kva for resultat han fører til, og jamvel om lokale sedvanar eller lokale styresmakter godtek han. Ein tek likevel atterhald for føremoner som i landet til den utanlandske offentlege tenestemannen er tillatne eller påbodne ved lov. Det same gjeld små betalningar som er nødvendige i nokre land for å få offentlege tenestemenn til å gjere jobben sin (facilitation payments).]

[Etter departementet sitt syn samsvarar føremonsomgrepet i konvensjonen godt med føremonsomgrepet i § 128 fyrste ledd, sjølv om § 128 går noko lenger enn konvensjonen. Konvensjonen set berre minstekrav og hindrar såleis ikkje at nasjonal lovgjeving er strengare.]

[Med utanlandske offentlege tenestemenn siktar konvensjonen til personar som faktisk utøver offentlig styresmakt for eit anna land, jf. artikkel 1 nr. 4 bokstav a. Dette kan òg vere tilsette i private føretak, eller tenestemenn i mellomstatlege organisasjonar.]

[Artikkel 6 i konvensjonen slår fast at fristen for forelding ikkje skal være kortare enn at det blir tilstrekkeleg tid til at ein kan etterforske og påtale den straffbare handlinga. Etter straffelova § 67 er fristen for forelding av brot på § 128 to år.]

[I høyringsnotatet ga departementet uttrykk for tvil om det for å overhalde pliktene etter konvensjonen, var nødvendig å ha ein særleg frist for forelding i § 128 andre ledd. Fleire høyringsinstansar stør ein lengre frist, t.d. på 5 år. Andre meiner at ein heller bør auke strafferamma. Då vil ein samstundes få forlenga fristen for forelding.]

[Departementet har kome til at det i denne omgangen ikkje bør gjerast endringar korkje i fristen for forelding eller i strafferamma, men ein held likevel spørsmålet ope, og ser det som naturleg å gjere ei breiare vurdering når det ligg føre ein generell strafferettsleg konvensjon innan Europarådet.]

[Ein reknar ikkje med at lovframlegget vil føre med seg nemneverdige økonomiske og administrative verknader for det offentlege.]]

[[2. KOMITEEN SINE MERKNADER]

[[[Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Vidar Bjørnstad, Astrid Marie Nistad, Jan Petter Rasmussen og Ane Sofie Tømmerås, frå Framstegspartiet, Jan Simonsen og Jørn L. Stang, frå Kristeleg Folkeparti, Finn Kristian Marthinsen og Åse Wisløff Nilssen, frå Høgre, leiaren Kristin Krohn Devold og Bjørn Hernæs, og frå Senterpartiet, Tor Nymo], meiner det er viktig med internasjonalt samarbeid for å motarbeide korrupsjon og bruk av stikkpengar, og er einig med departementet i at OECD-konvensjonen bør ratifiserast så snart som mogleg.]

[[Komiteen] har merka seg at konvensjonen rettar seg mot alle utanlandske offentlege tenestemenn, og at dette omfattar alle som faktisk utøver styresmakt for eit anna land. [K o m i t e e n] viser òg til at konvensjonen berre set minstekrav og ikkje er til hinder for at nasjonal lovgjeving har strengare reglar.]

[Når det gjeld fristen for forelding, viser [k o m i t e e n] til at det er ulike syn på dette blant høyringsinstansane, og at departementet førebels ikkje gjer framlegg til endringar i gjeldande to-års frist. [K o m i t e e n] har merka seg at departementet likevel held spørsmålet ope, og vil vurdere spørsmålet igjen når det ligg føre ein generell strafferettsleg konvensjon innan Europarådet.]]

[[3. KOMITEEN SI TILRÅDING]

[[[Komiteen] viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjere slikt]]

[[[vedtak til lov]]

[om endring i straffelova m.m. (gjennomføring og samtykke til ratifikasjon av OECD-konvensjonen 21. november 1997 om motarbeiding av bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn i internasjonale forretningshøve).]

[[I.]

[[I Almindelig borgerlig Straffelov av 22. mai 1902 nr. 10 (straffeloven) vert det gjort følgjande endring:]]

[[[§ 128 andre og nytt tredje ledd skal lyde:]]

[[[*Som offentlig tjenestemann etter første ledd regnes også utenlandske offentlige tjenestemenn og tjenestemenn i mellomstatlige organisasjoner.*]]]

[[[*Bestemmelsene i § 127 tredje ledd får tilsvarende anvendelse.*]]]]]]

[[II.]

[[Stortinget samtykker i ratifikasjon av OECD-konvensjonen 21. november 1997 om motarbeiding av bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn i internasjonale forretningshøve.]]]

[[[III.]

[[Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.]]]]]

[[Oslo, i justiskomiteen,][den 13. oktober 1998.]

[[]]]

Kristin Krohn Devold,

leiar.

Jan Petter Rasmussen,

ordførar.

Jan Simonsen,

sekretær.